Professor (ph.d.) Bjørn Henning Østenstad
Postadresse: Det juridiske fakultet, Postboks 7806, N-5020 Bergen.
Telefon: 55 58 95 81 (a), 988 05 949 (mob.)
E-post: Bjorn.Ostenstad@jur.uib.no

Til Studietuvalet
(her)

Tillegg til sak 7/15

Etter at eg oversende saka for handsaming i SU, har to nye lærebøker nådd min pult. Desse var venta. Vedlagt ligg difor justert framlegg til pensum. Endringane er markert med «spor endring».

Meir konkret har det kome ny utgåve av Bugge si «Lærebok i miljøforvaltningsrett». Dei aktuelle kapitla er om lag 11 sider lenger enn i 3.utgåve – men framleis vil det totale sidetalet i pensum bli redusert med 70-80 sider.

Vidare har Graver kome med ny utgåve av «Alminnelig forvaltningsrett». Denne boka utgjer eit fullverdig alternativ til Eckhoff/Smith og er ført opp som tilleggslitteratur med denne merknaden.

Om det er mogeleg for SU å ta stilling til desse endringane i møtet 20.01.2015, bør pensumliste kunne leggjast ut straks. Søvig (red.) sin antologi om forholdsmessigvurderingar i forvaltningsretten skal vere i trykken og er lova innan 10. februar.

Det juridiske fakultet, 19.01 2015

Bjørn Henning Østenstad
Kursansvarleg for Forvaltningsrett II

Vedlegg:
- Revidert framlegg til pensum

Pensum i jus 123 (Forvaltningsrett II), studieåret 2014/2015

Hovudlitteratur:

1. Torstein Eckhoff og Eivind Smith, *Forvaltningsrett,* 10. utg. 2014: kapitla. 8, 9, 23–26 og 29, 30 og 33.
2. Karl Harald Søvig (red.): *Forholdsmessighetsvurderinger i forvaltningsretten*, 2015: kapitla 2–4 og 10.
3. Asbjørn Kjønstad og Aslak Syse, *Velferdsrett I,* 5. utg. 2012: kapittel 5 og kapittel 10 (punkta 10.1–10.6).
4. Hans Chr. Bugge, *Lærebok i miljøforvaltningsrett,* ~~43~~. utg. 2015~~1~~: kapitla 7–9.

Tilleggslitteratur:

- Hans Petter Graver, *Alminnelig forvaltningsrett*, 4. utg. 2015: kapitla 4–5, 7–16 og 31–32. Utgjer eit fullverdig alternativ til Eckhoff/Smith som hovudlitteratur.
- Torstein Eckhoff og Eivind Smith, *Forvaltningsrett,* 10. utg. 2014: kapitla. 1–4, 6, 10, 27–28 og 31–32. Kan dels tene som ein repetisjon av sentrale grunnomgrep og omsyn, nemnt allereie under Forvaltningsrett I (jus 111), dels som ei utfylling av hovudlitteraturen i djupn og breidd.
- Karl Harald Søvig (red.): *Forholdsmessighetsvurderinger i forvaltningsretten*, 2015: resten av boka. Fyller ut hovudlitteraturen både i breidd og djupn.
- Asbjørn Kjønstad og Aslak Syse, *Velferdsrett I,* 5. utg. 2012: kapitla 2, 4 og kapittel 10 (punkta 10.7–10.11). Fyller ut hovudlitteraturen i breidd og til dels også i djupna.
- Hans Chr. Bugge, *Lærebok i miljøforvaltningsrett,* 3. utg. 2011: kapittel 1 og 5. Kapittel 1 fyller ut i djupn og breidd. Kapittel 5 pensum under tingsrettskurset, men kan no vere nyttig som ein repetisjon.
- Legalitetsprinsippet – meir djuptloddande enn hovudlitteraturen:
    - Roald Hopsnes og Raymond Solberg: «Legalitetsprinsippet», *Jussens Venner,* 2005 s. 77–155.
    - Jan Fridthjof Bernt: «Legalitetsprinsippet og andre hjemmelsspørsmål i den offentlige rett – noen prinsipielle betraktninger», i *Lov og frihet – festskrift til Johs. Andenæs på 70-årsdagen*, Bratholm, Anders/Christie, Nils og Opsahl, Torkel (red.), (Oslo 1982) s. 509–526. Også trykt i *Jussens Venner,* 1983 s. 119–135.
- Forvaltningsskjønn vs. rettsbruksskjønn – meir djuptloddande enn hovudlitteraturen:
    - Marius Stub: «Om «fjordlaksformelen» og forvaltningens subsumsjonsfrihet – En kommentar til Hans Petter Graver», *Lov og Rett*, 2008 s. 166–181.
    - Hans Petter Graver: «Fjordlaksformelen og forvaltningens vurderingsfrihet», *Lov og Rett*, 2007 s. 365–374.
- Spesifikt om Sårstelldommen (Rt. 2010 s. 612) – meir djuptloddande enn hovudlitteraturen om denne prinsipielt interessante, men omstridde dommen:
    - Bjørn Henning Østenstad, «Sårstelldommen (Rt. 2010 s. 612) – prejudikat for kva?», *Lov og Rett* 2014 s. 484–501.

- Monsen, Erik: «Legalitetsprinsippet og tvangsmessig gjennomføring av vask og stell i institusjon i medhold av et snevert, ulovfestet hjemmelsgrunnlag. En kommentar til Sårstelldommen i Rt. 2010 s. 612», i *Undring og erkjennelse. Festskrift til Jan Fridthjof Bernt. 70 år*, Søvig, Karl Harald/Schütz, Sigrid Eskeland og Rasmussen, Ørnulf (red.) (Bergen 2013) s. 419–429.
- Aslak Syse «'Huleboerdommen' (LoR 2011 s. 283) – feil navn og uklart innhold? – En kommentar», *Lov og Rett*, 2011 s. 628–637
- Njål Wang Andersen og Karl O. Wallevik, «'Huleboerdommen' – riktig diagnose, feil medisin?», *Lov og Rett*, 2011 s. 283–297.
- Alice Kjellevold og Henriette Sinding Aasen, «Huleboer-dommen og bruk av tvang i sykehjem: Rt. 2010 s. 612», *Tidsskrift for erstatningsrett, forsikringsrett og velferdsrett*, 2011 s. 50–68.